

## Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008, nr. 71, § 12, er det utarbeidd detaljreguleringsplan for Holtardalen, PlanID 20120005, Vinje kommune, Telemark.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Detaljreguleringsplan for Holtardalen, PlanID 20120005», Vinje kommune, Målestokk 1:2000, datert 23. august 2013. Innafor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådelling og byggje- og anleggsverksemd innan planområdet. Detaljreguleringa blei vedteken i kommunestyret 22.05.14, sak 14/36. Føresegnene er endra i vedtak om mindre endring i plan- og miljøutvalet 27.04.16, sak 16/55, og i plan- og miljøutvalet 22.03.17, sak 17/58.

### 7.1 Felles føresegner

- a) All graving og sprenging i terrenget skal gjerast skånsamt. Område som ikkje skal nyttast til veg, parkering, byggegrunn eller uteareal skal først tilbake til opphavleg utsjånad innan 1 år. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- b) Anleggsarbeid, inkl. anleggstrafikk og masseuttak, skal skje måndag – fredag mellom kl. 08.00 og 19.00, men ikkje i juleferie og nyttårshelg, vinterferie, påskeuka (skjærtorsdag - 2.påskedag), eller pinse (pinseaftan – 2.pinsedag).
- c) Det skal ikkje setjast opp gjerde i planområdet. Gjerde til sikring av utsette stadar eller langs hovudvegar skal vurderast av Vinje kommune.
- d) For grøntanlegg og område som det er stilla krav om tilsåing, skal stadeigen plantemateriale i størst mogleg grad nyttast..
- e) Vassleidningar og straumkablar skal i størst mogleg grad leggest i vegtraseane.
- f) Murar skal sikrast i samsvar med offentlege reglar.
- g) Dersom ein ved tiltak i marka støyter på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.
- h) Fellesanlegg og felles uteområde skal utformast etter prinsippa om universell utforming
- i) Det er høve til å føre opp mellombels byggverk til lagring og produksjon i anleggsperioden. Desse kan etter søknad lokaliserast på regulerte tomter eller i regulert trafikkområde. Det er høve til å nytte plastmateriale på tak og vegger.

### 7.2 Rekkjefølgjeføresegner

- a) Det skal vere gjennomført tiltak mot ras- og skredfaren som er prosjektert og utført av kvalifisert fagkyndig føre igangsetjingsløyve kan gjevast for bygg innanfor fareområde ras- og skredfare.
- b) På tomter med køyretilkomst som går igjennom fareområde ras- og skredfare skal det vere gjennomført tiltak mot ras- og skredfaren i vegen som er prosjektert og utført av kvalifisert fagkyndig føre mellombels bruksløyve kan gjevast.
- c) Føre heisen i H190\_3 kan byggjemeldast skal det føreliggje ein reguleringsplan for tilstøytande område, som syner heile heistraséen og toppstasjonen.

- d) Veg2 skal vere ferdig bygd innan fire år etter at planen er godkjend.
- e) Før gjennomføring av det planlagde tiltaket langs Leirbekken (maseuttak, etablering av nedfart og skiløype) skal det utarbeidast byggeplan som skal godkjennast av kommunen. Byggeplanen skal m.a. vise korleis ein skal sikre Leirgravbekken m/kantsone i anleggsfasen. Dersom det skal utarbeidast driftsplan etter minerallova, skal dei to planane koordinerast.
- f) Før byggeløyve blir gitt, skal det utarbeidast plan for lokal handtering av overvatn. Planen skal godkjennast av kommunen v/TDV.

### 7.3 Sikringssoner PBL §11-8 a.1)

#### 7.3.1 Sikringssone skitrekk og -heis, H190\_

- a) Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast busetnad

### 7.4 Faresoner PBL 11-8 a.3)

#### 7.4.1 Ras- og skredfare, H310\_

- a) Det er høve til å oppføre bygg innanfor fareområdet dersom tiltakshavar kan dokumentere tiltak som nøytraliserer ras- og skredfaren. Tiltak skal godkjennast av kommunen.
- b) Det skal gjerast ein faglig vurdering om behov for fysiske tiltak for å unngå at alpindefartar innanfor fareområdet blir utsett for snøskred. Det skal utarbeidast ein plan for alpinområdet som omfattar fysiske og organisatoriske tiltak for å hindre skade eller redusere konsekvensane av skred, og ein beredskapsplan for faresituasjonar. Planen skal godkjennast av kommunen.
- c) All trevegetasjon innanfor skredfarleg område skal sjåast på som verneskog og skal bevarast. Ved vanleg tynning skal avstanden mellom tre med minst 12 cm diameter i brysthøgde være maksimum 3 m.

#### 7.4.2 Høgspenningsanlegg, H370\_

*Ingen føresegner*

### 7.5 Infrastruktursoner PBL 11-8 b)

#### 7.5.1 Rekkjefølgje infrastruktur, H430\_

- a) I barmarkssesongen skal føremålet innanfor regulert streksymbol for køyrebane nyttast til køyreveg.
- b) Arealet utanfor regulert streksymbol for køyrebane nyttast til grøft og annan veggrunn.
- c) I vintersesongen brukast arealet innanfor føremålet slik underliggjande føremål syner.
- d) Veg 2 skal vere bygd ferdig innan fire år etter at planen er godkjend.

## 7.6 Soner med oppgjeve særlege omsyn, PBL § 11-8 c)

### 7.6.1 Friluftsliv, H530\_

- a) Det er høve til å gjennomføre terrengtiltak for løypeframføring.
- b) Det kan gjennomførast oppmerkingstiltak for langrennsløyper.
- c) Det skal gjennomførast sikringstiltak på regulert areal for *busetnad og anlegg, skianlegg*. Sikringstiltaka skal hindre samblending av alpint- og langrennsutøvarar.

### 7.6.2 Bevaring kulturmiljø (Løyningstaulen), H570\_

- a) Det er høve til å skjøtte området som gamal støylsvoll. Det er høve til beitedyr.
- b) Det er høve til å byggje opp att støylsbua på den attverande grunnmuren. Oppattbygging skal vere i samsvar med den nedraste bygningsmassen.
- c) Ein kan i tillegg føre opp bygningar, som stend i stil med støylsbusetnad.

## 7.7 Bandleggingssoner, PBL § 11-8 d)

### 7.7.1 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730\_

- a) Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme dei automatisk freda kulturminna med id 96902, 96908 og 96915, eller framkalle fare for at dette kan skje.
- b) Hogst og skjøtsel i område avsett til bevaring av kulturminne, må skje i samråd med dei regionale kulturminnemyndigheitene (Telemark fylkeskommune).

### 7.7.2 Bandlegging etter vannressursloven, H740\_

- a) Tiltak innanfor føremålsteigen som regulerast i vannressursloven kan ikkje gjennomførast før dei er godkjende gjennom sakshandsaming i høve til vannressursloven.

## 7.8 Busetnad og anlegg

### 7.8.1 Generelle føresegner for byggje- og anleggsområde

- a) Bygningar og anlegg skal plasserast og utformast slik at dei fell naturleg inn i landskapet og bygningsmiljøet.
- b) I byggje- og anleggsområde kan det gravast ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg. Slike anlegg skal i størst mogleg grad følgje stiar og løypetrasear. Utbyggjar pliktar å utføre arbeida skånsamt slik at terrenget ikkje blir påført unødige inngrep
- c) Før bygge- eller anleggstiltak vert sett i gang skal det utarbeidast teikningar, som syner detaljert dei tiltak som skal setjast i verk. Teikningar skal vere ferdige før utbygging tar til, og skal leggjast fram for kommunen for godkjenning. For kvar enkelt byggjesøknad skal det utarbeidast situasjonsplan med kotar som viser plassering av bygningar, parkering, tilkomst/tilknytning til bilveg, eksisterande og nytt terreng, og terrengsnitt gjennom bygning og tilkomst.
- d) % BYA reknast ut frå areal regulert til reguleringsformålet.
- e) I bratt terreng er det høve til å lage støttemurar av naturstein til terrassering. Murhøgda skal ikkje overstige 3,0 m og bør ikkje overstige 2,0 m.
- f) Ikkje utbygde delar av tomta/byggeområdet skal gjevast ei tiltalende utforming.

- g) Ved planlegging av busetnad i planområdet skal ein vurdere alternative oppvarmingsløyningar til straum og olje, dvs fornybare energikjelder.
- h) Tiltak inntil 20 m frå Leirbekken skal sendast NVE til uttale i samband med nabovarsel. Slike tiltak skal dokumentere at dei ikkje påverkar vassdraget og grøntbeltet inntil det.
- i) Det er høve til å etablere totalt inntil 1000 bueiningar innanfor planområdet.
- j) For alle tiltak i byggeområda skal det dokumenterast at stabiliteten er tilstrekkeleg både for anleggsfasen og i permanent samanheng. Eventuelle sikringsbehov skal være dokumentert av geoteknikar. Der det er trong for skredsikring (utsette stader), skal tiltak for å redusera eller eliminere fare for skred setjast i gang for anleggsarbeid eller bygging tek til.

### 7.8.2 Fritidsbusetnad, inkludert fritidsbusetnad - konsentrert, Bfb

- a) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- b) Der dei spesielle føresegnene for enkelte felt ikkje seier anna kan bygningane oppførast i 1 hovudetasje og 1 etasje under saltak. Der terrenget tillet det, kan ein bygge sokkeletasje.
- c) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 9,8 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 7,8 meter.
- d) Det er høve til å slå saman fleire tomter til ei eining, eller å dele ein tomt til fleire einingar. Såleis vil maksimal storleik for hovudbygg og anneks auke eller reduserast tilsvarande.
- e) Det skal opparbeidast 2 parkeringsplassar for kvar eining på tomta.
- f) Utnyttingsgraden på tomtene setjast til %BYA i samsvar med tabellen nedanfor:

Teigar	Tomter	%BYA
<b>Bfb13</b>	13-04 – 13-11	25%
<b>Bfb15</b>	15-14 – 15-25	
<b>Bfb16</b>	16-07 – 16-08 + 16-17	
<b>Bfb18</b>	18-17	
<b>Bfb19</b>	19-01 – 19-07 + 19-11 – 19-12 + 19-21	
<b>Bfb21</b>	21-11 – 21-18	
<b>Bfb22</b>	22-01 – 22-02 + 22-10 – 22-13	
<b>Bfb23</b>	23-01 – 23-05	
<b>Bfb26</b>	26-01 – 26-03	
<b>Bfb28</b>	28-02 – 28-14	
<b>Bfb1-3</b>	Alle	28%
<b>Bfb5-10</b>		
<b>Bfb13</b>	13-01 – 13-03 + 13-12 – 13-23	30%
<b>Bfb14</b>	Alle	
<b>Bfb15</b>	15-01 – 15-13 + 15-26	
<b>Bfb16</b>	16-01 – 16-06 + 16-09 – 16-16 + 16-18 – 16-19	
<b>Bfb17</b>	Alle	
<b>Bfb18</b>	18-01 – 18-16	
<b>Bfb19</b>	19-08 – 19-10 + 19-13 – 19-16 + 19-22 – 19-25	
<b>Bfb20</b>	Alle	
<b>Bfb21</b>	21-01 – 21-10	
<b>Bfb22</b>	22-03 – 22-09 + 22-14 – 22-15	
<b>Bfb23</b>	23-06	
<b>Bfb24</b>	Alle	
<b>Bfb25</b>	Alle	
<b>Bfb26</b>	26-04 – 26-10	
<b>Bfb27</b>	Alle	

<b>Bfb28</b>	28-01 + 28-15 – 28-29	
<b>Bfb29</b>	Alle	
<b>Bfb4a-e</b>	Alle	33%
<b>Bfb11</b>		

- g) På tomter med %BYA=25% skal maksimal breidde på bygg på tvers av høgdekotene ikkje overstige 8 m.
- h) Føremålet F/U er kombinert føremål fritidsbustad/utleige.

### 7.8.3 Fritidsbusetnad - husvære, Bfh

- a) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- b) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 11,8 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 9,8 meter.
- c) Utnyttingsgraden på tomtene setjast til %BYA=38%.
- d) Det skal opparbeidast minst 1 parkeringsplass for kvar seksjon på tomta.

### 7.8.4 Kyrkje/annan religionsutøving, BK

- a) Framtidig fjellkyrkje kan etablerast i området med ei utforming som landemerke, som underordnar seg landskapet. Det er høve til å bruke eit moderne, sakralt formspråk i utforminga.
- b) Møne-/gesimshøgda skal ikkje overstige 15,0 meter.
- c) Det er høve til å byggje spir, tårn eller på annan måte elevert bygningsdel. Denne kan få ei høgde på maks 2 gonger mønehøgde på bygget elles, men ikkje høgare enn 25,0 m.
- d) Utnyttingsgraden på tomta setjast til %BYA=20%.
- e) Det kan etablerast høgdebasseng i føremålet. Bassenget skal vere tilbaketrekt i landskapet og ikkje til visuell sjenanse for fjellkyrkja. Høgdebassenget inngår ikkje i BYA.

### 7.8.5 Utleigehytter, Buh

- a) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- b) Der dei spesielle føresegnene for enkelte felt ikkje seier anna kan bygningane oppførast i 1 hovudetasje og 1 etasje under saltak. Der terrenget tillet det, kan ein bygge sokkeletasje.
- c) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 9,8 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 7,8 meter. For Buh3 gjeld mønehøgde maks. 11,8 og gesimshøgde maks. 9,8.
- d) Utnyttingsgraden på tomtene setjast til %BYA=33%. For Buh3 gjeld %BYA=38%.
- e) Det er høve til å slå saman fleire tomter til ei eining, eller å dele ein tomt til fleire einingar. Såleis vil maksimal storleik for hovudbygg og anneks auke eller reduserast tilsvarende
- f) Det skal opparbeidast 2 parkeringsplassar for kvar eining over 80 m<sup>2</sup> og 1,5 plassar per eining under 80 m<sup>2</sup> på tomta.
- g) 20% av alle einingar innanfor føremålet skal vere universelt utforma.

### 7.8.6 Hotell, overnatting, BHO

- a) Det er høve til å etablere kommersielt utleigeanlegg som hotell, leirstad eller ungdomsherberge.
- b) Formspråket til busetnaden i føremålet skal vere bindeledd mellom formspråket til fritidsbusetnaden og fjellkyrkja i BK.
- c) Busetnaden skal organiserast i tunformasjon, der evt. parkerings- og andre trafikkanlegg skjulast mest mogleg av ulike bygningsfløyer.
- d) Det skal setjast av 1 bussparkeringsplass per 40 utleigesenger. Det skal setjast av 5 parkeringsplassar for personbil per 100 utleigesenger.
- e) Det skal etablerast snuplass for buss som del av trafikkanlegget.
- f) Møne-/gesimshøgda skal ikkje overstige 9,5 m.
- g) Utnyttingsgraden skal ikkje overstige %BYA=25%.

### 7.8.7 Bevertning, Bbv

- a) Det er høve til å etablere serveringsanlegg og tekniske bygg til drift av skiheiser.
- b) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- c) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 9,8 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 7,8 meter.
- d) Utnyttingsgraden på tomtene setjast til %BYA=25%.
- e) Utomhusområdet kan opparbeidast med leikeapparat, sitjefasilitetar og vegetasjon.
- f) Det er høve til uteservering. Det er høve til å setje opp mellombels anlegg til dette (paviljong, telt, etc.).

### 7.8.8 Lager, BI

- a) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- b) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 9,8 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 7,8 meter.
- c) Utnyttingsgraden på tomtene setjast til %BYA=25%.

### 7.8.9 Skianlegg, Asa

- a) Det er høve til å etablere tekniske bygg og anlegg i samband med trekk og heis, snoproduksjon, ljossetjing.
- b) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- c) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 7,0 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 4,5 meter.
- d) Bygg skal ikkje vere større enn BYA=30 m<sup>2</sup>.

#### 7.8.10 Skiløypetrasé, Asl

- a) Det er høve til å etablere stiar med dekke av grus eller bark i ei breidde på inntil 1,5 m.
- b) Det er høve til å etablere ljosanlegg.

#### 7.8.11 Nærmiljøanlegg, Anm

- a) Det er høve til å reetablere gamal støylsbu i tråd med føresegner for **bevaringsområde kulturmiljø**. For bygningsmassen innan Anm gjeld maksimal %BYA=10% av arealet innan føremålet.
- b) Området skal skjøttast som kulturmark. Det skal leggjast til rette for utandørs møteplass med sitjearrangement, bål plass og naturleg leikeområde.
- c) Bål plassen skal utformast brannsikkert som fast anlegg. Det er høve til å bruke steinsetjing til dette.
- d) Det er høve til å bruke føremålet til akebakke om vinteren.
- e) Området skal vere universelt tilgjengeleg frå parkeringsplass

#### 7.8.12 Renovasjonsanlegg, Ara

*Ingen føresegner*

#### 7.8.13 Øvrige kommunaltekniske anlegg, Aka

- a) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning eller laft. Eventuelt anna materiale skal vere forblenda med naturstein eller tre. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- b) Bygningane skal ha takvinkel mellom 27 –34 grader, mønehøgda skal ikkje overstige 4,5 meter, gesimshøgda skal ikkje overstige 3,0 meter.
- c) Bygg skal ikkje vere større enn BYA=20 m<sup>2</sup>.

#### 7.8.14 Leikeplass, Ale

- a) Teigane Ale4, 5, 6, 7, 8 skal tilretteleggjast som akebakke i vintersesongen. Terrenget kan arronderast med omsyn til optimal, trygg akebakke. Evt. farlege element skal fjernast. Evt. skal bakke markerast med flyttbare gjerder i sesongen. I barmaksesongen skal desse teigane framstå som graskledde bakkar.
- b) Teig Ale3 skal opparbeidast som naturleg nærrekreasjonspark. Stiar kan gruast, benkar, informasjonstavlar og bål plass setjast opp. Naturleg vegetasjon skal skjøttast med omsyn til utsikt og oppleving. Naturleg vegetasjonspreg skal ikkje fjernast.
- c) Teigane Ale er leikeplassar med høve til oppsetjing av leikeapparat.

#### 7.8.15 Uteopphaldsareal, Auo

*Ingen føresegner*

## 7.9 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

### 7.9.1 Køyreveg, SK

- Køyrebana kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.
- Alle SK-teigar skal vere private vegar.

### 7.9.2 Gangveg/gangareal, SG

- Gangstien SG1 kan opparbeidast på inntil 5 m i breidde. Minstebreidde er 1,8 m. Gangstien SG2 skal opparbeidast med ei breidde på inntil 3,0 m. Stigning/fall skal ikkje overstige 1:15. Føremålet kan få eit dekke av grus eller asfalterast.
- Føremålet skal vere privat.
- Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### 7.9.3 Annan veggrunn – grøntareal, Sav

- Arealet innanfor føremålet kan brukast til terrenginngrep som er naudsynt til etablering av trafikkanlegg i SK, SG, SP.
- Det skal ikkje leggjast til rette for bilparkering.
- Terrenget skal revegeterast innan eitt år etter at trafikkanlegget inntil er ferdigstilt.
- Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### 7.9.4 Parkering på grunnen, SP

- Parkeringsplassen kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- Føremålet skal vere privat.
- Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### 7.9.5 Vass- og avlaupsleidning

*Ingen føresegner*

## 7.10 Grøntstruktur

### 7.10.1 Grøntstruktur, GN

*Ingen føresegner*

### 7.10.2 Turveg, Gt

- Teigen Gt skal vere gangsambandet mellom Tverrlivegen og Tverrliheisen (dalstasjon).
- Det er høve til å tilretteleggje tilkomsten som køyrbar gangveg. Køyring skal berre vere mogleg for køyrety involvert i drift og vedlikehald av heisen/bakken.
- Terrenget kan endrast slik at funksjonen kan oppretthaldast. I barmarksesongen skal føremålet ha eit grønt preg.



### 7.10.3 Friområde, GF

- a) Teigane skal vere grøne område til visuell oppdeling av byggjeområdet med lett friluftsfunksjon.
- b) Terrenget kan endrast dersom naturpreget gjenopprettast i etterkant av endringane.
- c) Det er høve til å gruse opp stiar, setje ut benkar.
- d) Det er høve til å leggje VA-grøfter, straum- og fiberkablar ned i bakken.

## 7.11 Bruk og vern av sjø og vassdrag

### 7.11.1 Naturområde i sjø og vassdrag, VN

- a) Det er ikkje høve til å gjennomføre inngrep i Leirbekken ut over eksisterande kulvert.

### 7.11.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VF

- a) Det er høve til å etablere anlegg og sette i gong tiltak, som gagnar bruken av bekkefarete i Holtarbakken som friluftarena, blant anna bygging av kloppar og bruar.  
 b) Køyrevegar kan førast i fylling over røyrlagde bekkestrekningar i Holtarbakken.  
 c) Sedimenteringskulp kan opprettast i det bekken renner inn i kulvert under veg Sk2.

### 7.11.3 Badeområde, VB

- a) Omlegging av Holtarbakken skal utformast som vassrenne tilrettelagd for vassaktivitetar.  
 b) Dimensjonering skal take høgde for vårflaum, inkludert avrenning frå Holtarbakken.

### 7.11.4 Vassreservoar til snoproduksjon, Vr

- a) Det er høve til å gjennomføre tiltak innanfor føremålet, som regulerer vasshøgda til ein HRV, som vert fastsett gjennom sakshandsaming i høve til vannressursloven.  
 b) Tiltak kan ikkje gjennomførast før dei er godkjende gjennom sakshandsaming i høve til vannressursloven (jf. teig H740\_).

Vinje, den 23. august 2013

**Revisjon A, 24. oktober 2013**


**Revisjon B, 02. desember 2013**

**Revisjon C, 02. juni 2014**

**Revisjon D, 08. april 2015**

**Revisjon E, 23. september 2015**

For Plankontoret Hallvard Homme AS



Alexander Stettin  
Landskapsarkitekt M.N.L.A.

Varsel om oppstart av planarbeid:	01.10.2012
1. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	16.10.2013
Utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet:	06.01. – 01.03.2014
2. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	23.04.2014
Eigengodkjent i kommunestyret den:	22.05.2014

Stad, Dato

Sign.

Stempel